



## REGLAR FOR DALSMARKEN

### For utstillarar på DALSMARKEN gjeld desse reglane:

---

1. Dersom det kjem fleire innmeldingar enn det er plass til, avgjer arrangøren kven som vert tildelt plass, vanlegvis etter dato for påmelding, tidlegare deltaking og varesortiment. Arrangøren står fritt til å avgrensa talet på utstillarar med like varer.
2. Tilvist plass må godtakast. Det er ikkje høve til framleige, bytte av plass eller ta andre seljarar sin på plassen.
3. Utstillarar som tek seg til rette sjølve vert bortvisa og får heller ikkje refundert avgifta.
4. Plassane vil vere til rådvelde for utstillarar frå torsdag kl 15.00.
5. Alle utstillarar skal vere på plass med standen ferdig montert innan kl 12.00 fredag. Utstillarar med reserverte plassar som ikkje har møtt fram innan kl 12.00 mistar plassen dersom dei ikkje melder frå om at dei blir forsinka. Arrangøren står då fritt til å leige plassen ut til andre utstillarar som eventuelt er møtt opp utan påmelding.
6. Plassane skal vere rydda for søppel ved opninga, og det skal ryddast/sopast kvar kveld. Det vil være søppelbil på området fredag og laurdag kveld ca kl 18.00. Dersom det ikkje er rydda blir den einskilde utstillar belasta for utgifter med å rydde plassen sin.
7. Det er ikkje utan særskilt avtale høve til for utstillarar å selje til breidt mat eller drikkevarer då arrangøren har eineretten på dette.
8. Utstillar er ansvarleg for moglege skader på bygningar, anlegg, utstyr og personar. Arrangøren kan nekte sal av varer som kan medføre skader eller ulemper for andre utstillarar, publikum eller for arrangøren, slik som vasspistolar, ballongar, sprayflasker eller liknande.
9. Utstillar må sjølv ordne med eventuell forsikring av standen sin og varene. Arrangøren held ordensvakt natta mellom fredag og laurdag, men kan ikkje ta ansvar for herved, tjuveri eller annan skade utstillar måtte bli påført av uvedkomande.
10. Parkering av køyretøy som det ikkje er bestilt og betalt plass for på standen må parkere på tilvist plass.
11. Utstillar kan ikkje starte nedrigging av standen før laurdag kl 18.00.
12. Utstillar har plikt til å rette seg etter gjeldande påmeldingsreglar og vedtekter. Tvist om tolking av avtale mellom arrangør og utstillar skal avgjerast ved voldgift der lensmannen i Tokke utpeikar formannen.